

MØTEINNKALLING

Utval: **FORMANNSKAPET**
Møtestad: **FORMANNSKAPSSALEN**
Møtedato: **20.05.2008** Tid: **0830**

Event. forfall må meldast til tlf. 57 65 56 00. Varamedlemer møter etter nærare varsel.
Saksdokumenta er utlagde i Service-ekspedisjonen og i biblioteket.

SAKLISTE:

| Sak nr. | Arkivsak nr. | Tittel |
|----------------|---------------------|--|
| 36/08 | 08/14 | Godgjersle til folkevalde - revisjon av reglement |
| 37/08 | 04/576 | Bygging av skogsveg - Grindsåsen |
| 38/08 | 08/134 | Søknad om fartsdumpar/nedsett fartsgrense på Hjedl |
| 39/08 | 08/18 | Tildeling av kulturmidlar 2008 |
| 40/08 | 08/223 | Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Grinde hjortegjerde |
| 41/08 | 08/212 | Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - Erling og Thorild Gjerde |
| 42/08 | 08/215 | Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - Marlen Stadheim |
| 43/08 | 08/211 | Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - Per Henjum |
| 44/08 | 08/206 | Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Toralv og Anna Husum |
| 45/08 | 08/192 | Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - Systrond Sogelag |

- 46/08 08/234
Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - Olav H Hellen
- 47/08 08/146
Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - Per Harald Høgheim
- 48/08 08/225
Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - Fadnastølvegen
- 49/08 08/281
Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - Skagasetvegen
- 50/08 08/229
Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - Anne Kristin Dalheim
- 51/08 08/185
Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - Eirik H Hamre
- 52/08 08/227
Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - Ivar Husum
- 53/08 08/214
Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - Svein Inge Henjum
- 54/08 08/213
Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - Torfinn Svedal
- 55/08 08/197
Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket -Laila Njøs Eikeland
- 56/08 08/45
Kjeringi Open - tilskot frå næringsfondet
- 57/08 08/201 Ikkje offentleg Ofl §5a
Søknad om midlar frå kommunalt næringsfond
- 58/08 08/219 Ikkje offentleg Ofl §5a
Søknad om midlar frå kommunalt næringsfond
- 59/08 08/220 Ikkje offentleg Ofl §5a
Søknad om midlar frå kommunalt næringsfond
- 60/08 08/232 Ikkje offentleg Ofl §5a
Søknad om midlar frå kommunalt næringsfond
- 61/08 08/221 Ikkje offentleg Ofl §5a
Søknad om midlar frå kommunalt næringsfond

| | | |
|-------|--------|---|
| 62/08 | 08/233 | Ikkje offentleg Ofl §5a Søknad om midlar frå kommunalt næringsfond |
| 63/08 | 08/242 | Ikkje offentleg Ofl §5a Søknad om midlar frå kommunalt næringsfond |
| 64/08 | 08/246 | Ikkje offentleg Ofl §5a Søknad om midlar frå kommunalt næringsfond |
| 65/08 | 08/243 | Ikkje offentleg Ofl §5a Søknad om midlar frå kommunalt næringsfond |
| 66/08 | 08/244 | Ikkje offentleg Ofl §5a Søknad om midlar frå kommunalt næringsfond |
| 67/08 | 08/270 | Ikkje offentleg Ofl §5a Søknad om midlar frå kommunalt næringsfond |

Næringsfond-sakene er sendt til faste medlemmer og 1. vara.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Godtgjersle til folkevalde - revisjon av reglement

Sakshandsamar: Odd Arve Rakstad
Arkivsak nr.: 08/14

Arkiv: 082

| Sak nr.: | Utval | Møtedato |
|----------|---------------|------------|
| 36/08 | Formannskapet | 20.05.2008 |
| / | Kommunestyret | 19.06.2008 |

TILRÅDING:

**Kommunestyret vedtek framlegget frå arbeidsgruppa til nytt reglement for godtgjersle til folkevalde.
Reglementet blir gjort gjeldande frå 01.01.2009.**

DOKUMENT:

- Gjeldande reglement for godtgjersle til folkevalde (vedl)
- Arbeidsgruppa sitt framlegg til nytt reglement (vedl)

SAKSUTGREIING:

I samband med handsaminga av økonomiplanen 2008 – 2011 vart det signalisert ønskje om å få gjort ein gjennomgang av reglementet for godtgjersle til folkevalde.

Formannskapet oppnemnde i møte 15.01.2008 ei arbeidsgruppe som fekk i oppdrag å utarbeide eit nytt framlegg.

Arbeidsgruppa vart samansett slik:

- Arild Fossøy (leiar)
- Monica Åsnes
- Astri Taklo

Ein viser til arbeidsgruppa sitt framlegg som er lagt ved saka.

Den største endringa i forhold til gjeldande reglement er at møtegodtgjersle til medlemne av formannskap og kommunestyret blir sett til ein fast årssum.

Vidare at godtgjersle til ordførar og varaordførar blir fastsett og regulert i forhold til årleg godtgjersle for stortingsrepresentant.

Ordførar og varaordførar får ikkje møtegodtgjersle utover den faste godtgjersla pr år.

Framlegget til nytt reglement er bygt opp med grunnlag i årleg godtgjersle til stortingsrepresentant. Pr 01.10.2007 er denne sett til kr 654.000/år.

Framlegget til nytt reglement vil medføre ein årleg auke i utgiftene med om lag kr 100.000,-. Kostnadene må leggest inn i økonomiplanen for 2009 – 2012.

Sidan prinsippet for fastsetting av godtgjersle er endra frå godtgjersle pr møte til ein fast årssum vil rådmannen tilrå at reglementet blir gjort gjeldande frå 1.1.2009.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

BYGGING AV SKOGSVEG - GRINDSÅSEN

Sakshandsamar: Gjert Heiberg
Arkivsak nr.: 04/576

Arkiv: V83

Sak nr.: Utval
37/08 Formannskapet

Møtedato
20.05.2008

TILRÅDING:

Tilråding vil liggja føre til møtet etter synfaringa 19.05.08.

DOKUMENT:

- Søknad av 18.02.08 m/kartvedlegg (vedlagt)
- F-sak 137/04 (vedlagt)
- Fråsegn av 01.11.04 frå miljøvernavdelinga (vedlagt)
- Tilleggsfråsegn av 09.05.08 frå miljøvernavdelinga (vedlagt)

SAKSUTGREIING:

I møte i formannskapet 30.11.2004 sak 137/04 gav formannskapet løyve til å byggja skogsvegen Grindsåsen kl 7 med lengde 1500 meter. Saka var på høyring hjå miljøvernavdelinga hjå fylkesmannen som gav fråsegn. Løyvet gjaldt i tre år fram til 01.01.2008. Av ymse grunnar vart vegen ikkje bygd. Løyvet gjekk ut 01.01.2008. Grunneigarane v/Hallvard Grinde søker no på nytt i same lineval, men ønskjer å byggja vegen lenger opp i fjellskogen.

Søknaden gjeld 2200 m ny skogsveg i Grindsåsen klasse 7 og opprusting av den gamle traktorvegen til same klasse. Veglina (ny veg) er teikna inn på kart i målestokk 1:5000.

Vegen følgjer same linjeval som i 2004, men er no forlenga med 700 meter i høve til søknaden i 2004. Vegen tek av frå traktorvegen som er bygd for om lag 30 år sidan om lag ved kote 375 meter over havet. I samband med den nye vegen må traktorvegen rustast opp til klasse 7 der det er naudsynt. Største delen av traktorvegen er i bra stand, men nokre stader må vegen rustast opp, og det må ryddast skog langs veggrøft og på vegbanken. Den gamle traktorvegen er om lag ein km lang, men ein reknar med at det berre er naudsynt å rusta opp om lag eit hundre meter. Heile vegen er kostnadsrekna til å kosta kr 250 000 inklusive opprusting av den gamle traktorvegen.

Vegen følger dels eit gammalt køyrespor for traktor frå svingen utanfor Orrasete og fram om lag 1200 meter mot Branden. Der har det tidlegare har vore hogst, og det er no er ungskog av gran. Stort sett går vegen gjennom hogstmoden furuskog i medels god jord, men med flekkvis betre jord (høg bonitet) innimellom. Frå Storamyri og fram forbi Lauvhaugane går vegen stort sett gjennom bjørkeskog. Vegen vil dekkja eit område på om lag 500 dekar, av dette er om lag 350 dekar produktiv skog. Det er rekna at det står om lag 3500 m³ furutømmer til vegen, og 1700 m³ lauvskog til brenneved. Det er og nokre små plantefelt av gran opp under Storamyri. Transportvinsten er rekna til 100 kr per kubikk furutømmer, i alt 300 000, og syner at anlegget er rekningsssvarande å byggja. I tillegg kjem verdien av brenneved og verdien av å kunna få transport til fjells for å ha tilsyn med beitedyr. Det vert slept over 300 sau i området.

Området er undersøkt i rapporten Biologisk mangfald i Leikanger kommune (Aurland Naturverkstad BA rapport nr 3 2003) Heile skogområdet ligg innafor lokalitetsnr 1491002 Engjaseter-Fjellheim som er registrert som svært viktig i samanheng med biologisk mangfald, og det heiter her: "Lokaliteten bør haldast fri for tekniske inngrep og skogbruk"

Sakshandsamar si vurdering:

Vegplanen har vore på høyring hjå miljøvernavdelinga hjå fylkesmannen i 2004. Det gjaldt ein noko kortare veg (1500 meter lang, litt framom Storamyri). Fylkesmannen svara i brev av 01.11.2004 og peika på at området er registrert som eit svært viktig område i naturtypekartlegginga for Leikanger. Fylkesmannen såg det omsøkte prosjektet som konfliktfylt i høve til dei registrerte miljøverdiane i området. Dersom det vart gjeve løyve til vegen, viser fylkesmannen til "levende skog-standard" og peikte på at det vil det vera viktig å avgrensa hogsten i dei mest verdifulle lokalitetane med gamal bjørk og osp, i tillegg til område med stor furu.

Fylkesmannen har i si tilleggsfråsegn av 09.05.08 peika på av vegen i kanten av det nasjonalt verdifulle kulturlandskapet Grinde-Grindsdalen. Dei oppmodar om å unngåinngrep som kan svekka verdiane i Grinde-Grindsdalen som heilskapleg kulturlandskap med stor tidsdjupne.

Den siste stubben på 700 meter veg er meir marginal som skogsveg enn dei første 1500 meter. Her er det i dag berre bjørkeskog som kan nyttast til brenneved. På det økonomiske kartet er marka likevel sett på som granbonitet (G-14 ved enden av vegen, jamfør vedlagd kart). Ein må og leggja noko vekt på at vegen skal nyttast til transport ved tilsyn av dyr på beite. Det kan vera ein fordel at slik trafikk vert samla langs ein veg framfor motorisert ferdsle i utmark utan veg.

Når det gjeld rapporten om biologisk mangfald er heile fjordsida frå Hella til Grindsdalen plukka ut som særskilt viktig. Største delen av området er også føreslege verna som edelskogreservat (i alt 1468 dekar frå Eitorn til Supphammar i ein samanhengande teig) Grindsåsen ligg utanfor verneforslaget. I fjordsida innafor Grindsåsen er det 11 område som er plukka ut som særskilt viktige område for biologisk mangfald.

Mange av områda som er trekte ut som viktige for biologisk mangfald ligg vanskeleg til, og har ikkje vore utnytta på eit par generasjonar. Terrenget i Grindsåsen er fint, og her ligg det godt til rette for å driva ut skog. Med det store edelskogreservatet rett utanfor vil ein truleg der finna att mykje av det same biologiske mangfaldet som på Grindsåsen.

Det er og grunn til å streka under, at det biologiske mangfaldet ikkje forsvinn om ein driv skogbruk. Det syner naturen på båe sider av den gamle traktorvegen ut gjennom Grindsåsen,

der det enno står mykje gamal skog. Utan den nye vegen vil ein ikkje kunna ta ut skog utover eit par hundre meter frå den gamle traktorvegen. Den nye vegen vil og letta tilsyn med dyr på beite, den vil ha mykje å seia for utøving av jakt, og kan vera positiv i høve til turgåing.

Det burde ikkje vera naudsynt å leggja på ekstra restriksjonar på skogsdrifta i samband med eit byggjeløyve. Frå skogbruket si side skulle det ikkje vera så vanskeleg å ta omsyn til biologisk mangfald ved hogst. Kjøparane krev at skogen vert driven ut frå "levande skog standard". Mest alt tømmeret i fylket vert omsett gjennom Sogn og Fjordane skogeigarlag, og dei er sertifisert etter "levande skog standard" og må forvissa seg om at levande skog standarden vert følgt av dei som leverer tømmer.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

SØKNAD OM FARTSDUMPAR/NEDSETT FARTSGRENSE PÅ HJEDL

Sakshandsamar: Per Gjerland
Arkivsak nr.: 08/134

Arkiv: Q81

Sak nr.: Utval
38/08 Formannskapet

Møtedato
20.05.2008

TILRÅDING:

Røysavegen gjennom bustadområde Hjedl skal ha fartsgrensesone 30 km/t. Fartsgrensesone vert varsla med nytt skilt nr. 366 og 368 i avkøyrslø til Njøsavegen og eksisterande skilt nr. 366 og 368 i avkøyrslø til Sognefjordvegen. Det skal også etablerast 3 stk. fartshumpar. Hjedl Grendalag får høve til å setje opp ”born leikar” - skilt.

DOKUMENT:

- Søknad av 20.02.08 frå grendalaget (vedlagt)
- Fråsegn av 04.03.08 frå lensmannen
- Reguleringsplan for Hjedl m/føresegner

SAKSUTGREIING:

Hjedl grendalag ynskjer at Røysavegen gjennom Hjedl får fartsgrense 30 km/t og at vegen får fartshumpar. Dei ynskjer også å setja opp ”born leikar” skilt.

I bustadområde Hjedl kan det bli bygd 20 bueiningar, 15 er bygde. Røysavegen er gjennomkøyringsveg og har til tider stor trafikk. For å sikre bebruarane sin tryggleik er det er det naudsynt å få på plass fartsgrense 30 km/t og fartsdemparar.

Fartsregulerande tiltak for Røysavegen gjennom Hjedle er i samsvar med reguleringsføresegnene og lensmannen er positiv til tiltaka.

Born leikar skilt er ikkje eit offentleg trafikk skilt. Det vanlege er at grendalaga får høve til å setje opp desse sjølve.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

TILDELING AV KULTURMIDLAR 2008

Sakshandsamar: Ole Opheim Røthe
Arkivsak nr.: 08/18

Arkiv: 223 C00

Sak nr.: Utval
39/08 Formannskapet

Møtedato
20.05.2008

TILRÅDING:

Det vert løyvd kr 78 000 til lag og organisasjonar etter søknad. Løyvinga vert utbetalt frå 1.2632.4702 Tilskot generelle kulturforemål, frå 1.2631.4703 Tilskot musikkaktivitet, og frå 1. 2702.4709 Tilskot barne- og ungdomsaktivitet.

Løyvingane vert spesifisert slik:

Idrett:

| | |
|-----------------------------|------------|
| Leikanger skyttarlag | kr. 6 000 |
| Leikanger Jakt- og fiskelag | kr. 4 000 |
| SYRIL | kr. 15 000 |
| Sogn fjordsymjeklubb | kr. 3 000 |
| Sogn Cykleklubb | kr. 1 000 |

Musikk og song:

| | |
|-----------------------|-----------|
| Leikanger skulemusikk | kr. 7 000 |
| Leikanger Blandakor | kr. 3 500 |

Fritid:

| | |
|---|-----------|
| Dataklubben i Leikanger KFUK/KFUM | kr. 2 000 |
| Leikanger Ungdomslag | kr. 6 000 |
| Systrond 1. speidargruppe | kr. 3 500 |
| Sogndal dykkarklubb | kr. 1 000 |
| Leikanger MC-Klubb | kr. 7 000 |
| Eitorn Grendalag | kr. 2 000 |
| Systrond Sogelag | kr. 4 000 |
| Leikanger husflidslag | kr. 2 000 |
| Olav Hellen | kr. 3 000 |
| Leikanger Pensjonistlag | kr. 3 000 |
| Sogndal og Leikanger revmatikarforening | kr. 1 000 |
| Luster, Sogndal og Leikanger lokallag for hørselshemma | kr. 1 000 |
| Leikanger Røde Kors Besøksteneste | kr. 3 000 |

DOKUMENT:

- Søknader. Kopiar utan vedlegg sendt faste medlemmar. Originale søknader med vedlegg ligg på kulturkontoret.
- Søknadsoversikt. (vedl.).

SAKSUTGREIING:

Føremålet med kulturmidlane er å løysa oppgåver innan kulturlivet i Leikanger. Tilskota skal styrke den lokale kulturen, kome flest mogeleg av innbyggjarane i kommunen til gode og stimulere til kvalitet i kulturlivet. Kulturmidlane er såleis eit tenleg styringsmiddel for kommunen.

Det vert gjeve støtte til konkrete tiltak definert som aktivitetstiltak, og som har klart kulturføremål. Fyrst og fremst vert det gjeve tilskot til tiltak innan kommunegrensa. Lag og organisasjonar og einskildpersonar kan søkje om støtte. Formannskapet kan til kvar tid prioritere kva tiltak som bør støttast. Det kan gjevast støtte til inntil 50% av kostnadsramma for tiltaket det vert søkt om.

Det er komme inn 21 søknader om tilskot.

Søknadsoversikten gjev opplysningar om søkarar, tildelt tilskot i 2007, søknadssum i 2008 og kva det vert søkt om i stikkordsform.

Kommentarar til søknadene:

1. I følge avtale mellom Leikanger MC-klubb og kommunen om leige av lokale til ungdomsklubben og hjelp til drift av denne skal MC-klubben motta ekstra tilskot frå kulturmidlane.
2. I kategorien 'Fritid' er det søknader i grenselandet til å motta kulturmidlar. Det er ikkje lett å avgjere om nokre tiltak det vert søkt om fell inn under 'kulturomgrepet', slike tiltak i nokre av søknadene i kategorien 'Fritid' inneheld. Samanhengen mellom kultur og fritid kan drøftast. Men tvilen kjem tiltalte til gode. Eit avslag vil basere seg fyrst og fremst om tiltaket kjem innbyggjarane i Leikanger til gode.
3. Søknaden frå Sogn og Fjordane Turlag vert avsege. Laget søker om tilskot til utgjeving av felles turprogram for turlaga i fylket. Same søknad vart avsege i fjor. Husstandane i Leikanger har brukbar informasjon om turar i Leikanger gjennom det lokale turkartet og SYRIL Idrettslag Trimgruppa.
4. Det er søknader der søkaren er felleslag for fleire kommunar med medlemmar i Leikanger kommune. Søkaren får avgrensa tilskot grunngjeve med at tiltaket kjem dei medlemmane som er frå Leikanger til gode.

5. Søknaden Olav Hellen gjeld innsamling av gammalt sitjeverputstyr til laskegilje på Hella. Olav Hellen vil byggje opp att ei gamal laksegiljehytte og innreie den med gammalt utstyr som han samlar inn. Gammalt utstyr fins, men om nokre år er det borte. Det er derfor viktig at det vert gjort ei innsamling slik at dette fangstutstyr verte teke vare på for ettertida. Innsamlinga vil skje over fleire år.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket Grinde hjortegjerde

Sakshandsamar: Eva Nilsen Huke
Arkivsak nr.: 08/223

Arkiv: MTR 2/1

Sak nr.: Utval
40/08 Formannskapet

Møtedato
20.05.2008

TILRÅDING:

Grinde hjortegjerde får i medhald av forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket og i samsvar med Leikanger kommune sin strategiplan for bruk av tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket kr. 62.500,- i tilskot for å ivareta kulturlandskapsinteressene på Grinde.

DOKUMENT:

- Søknad av 30.03. 08 frå Grinde hjortegjerde v/ Jon Erling Oppedal m/utgreiing og kart (vedlagt)

SAKSUTGREIING:

Leikanger kommune har motteke søknad frå Grinde hjortegjerde v/ Jon Erling Oppedal om tilskot frå SMIL – midlane. Bakgrunnen er at opphævelege planar for hjortegjerde, handsama i formannskapet 14.06.2005, er vesentleg utvida, frå 1,3 km til 2,4 km gjerde med føremål å ta vare på kulturlandskapet på Grinde. Det var i dette vedtaket ytt kr. 25.000,- i tilskot frå viltfondet.

Kostnadsoverslaget er nøkternt, samla kostnad på 2,4 km gjerde er sett til kr. 175.000,-, inkl. arbeid. Kulturlandskapet på Grinde har nasjonal interesse og grunneigarane tek omsyn til dette i arbeidet med det nye hjortegjerdet. Tiltaket er eit fellestiltak.

I Leikanger kommune sin strategiplan for bruk av SMIL – midlar har tiltak for å skjømte kulturlandskap fyrste prioritet. Administrasjonen tek utgangspunkt i meirkostnaden med utviding av hjortegjerde vil vere med å ivareta kulturlandskapet og tilrår at det vert ytt tilskot slik at materialkostnaden vert dekkja, tilsvarande kr. 62.500,-.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket Erling og Thorild Gjerde

Sakshandsamar: Eva Nilsen Huke
Arkivsak nr.: 08/212

Arkiv: MTR 22/4

Sak nr.: Utval
41/08 Formannskapet

Møtedato
20.05.2008

TILRÅDING:

Torhild og Erling Gjerde får i medhald av forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket og i samsvar med Leikanger kommune sin strategiplan for bruk av tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket kr. 16.000,- til skjøtsel av frukthage på Fylkesmannstrondi, kr. 13.000,- til skjøtsel av Myrane på Njøs og kr. 2.000,- til restaurering av utløe i Årøyna.

DOKUMENT:

- Søknad av 25.03.08 med bilete, kostnadsoverslag og leigeavtale

SAKSUTGREIING:

Leikanger kommune har motteke søknad frå Torhild og Erling Gjerde om SMIL – midlar. Søknaden gjeld skjøtsel av frukthagen på Fylkesmannstrondi, skjøtsel av eit leigd areal Myrane på Njøs og restaurering av utløe i Årøyna.

Fylkesmannstrondi er ei offentleg badestrand i Leikanger som er mykje nytta av ålmenta til arrangement og bading. Tiltaket kjem ålmenta til gode og fruktdyrking er sjølve symbolet på Leikanger. Tiltaket har vore utført i årevis utan tilskot. Administrasjonen tilrår at tiltaket vert støtta med om lag 70% av godkjent kostnadsoverslag tilsvarande kr. 16.000,-.

Søkarane leiger eit areal Myrane på Njøs i fem år. Dei ynskjer å rydde arealet for skog for å drive årleg beiting med sau, hest og storfe. Dei skal og setje i stand gjerde. Administrasjonen tilrår at det vert gjeve om lag 70% tilskot tilsvarande kr. 13.000,- .

Søkarane har resturert ei utløe i Årøyna med eit kostnadsoverslag på kr. 10.000,- . Administrasjonen tilrår at tiltaket vert støtta med 20% av godkjent kostnadsoverslag tilsvarande kr. 2.000,-.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket Marlen Stadheim

Sakshandsamar: Eva Nilsen Huke
Arkivsak nr.: 08/215

Arkiv: MTR 24/10

Sak nr.: Utval
42/08 Formannskapet

Møtedato
20.05.2008

TILRÅDING:

Marlen Stadheim får med heimel i forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket og Leikanger kommune sin strategiplan for bruk av tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket kr. 18.000,- i tilskot til skjøtsel av gamal frukthage.

DOKUMENT:

- Søknad av 30.03.08 m/kostnadsoverslag

SAKSUTGREIING:

Leikanger kommune har motteke søknad frå Marlen Stadheim om SMIL – midlar til skjøtsel av gamal frukthage kring husa på garden. Tiltaket ivaretek stell av gamal frukthage som er eit viktig kulturlandskapselement i Leikanger. Kostnadsoverslaget er på kr. 40.170,- inkl. moms. Justert kostnadsoverslag kr. 32.136,-. Administrasjonen tilrår at det vert gjeve eit tilskot for 2008 på kr. 18.000,-.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket Per Henjum

Sakshandsamar: Eva Nilsen Huke
Arkivsak nr.: 08/211

Arkiv: MTR 17/38

Sak nr.: Utval
43/08 Formannskapet

Møtedato
20.05.2008

TILRÅDING:

Per Henjum får i medhald av forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket og i samsvar med strategiplan for bruk av tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket kr. 9.000,- i tilskot til skjøtsel av teigane gnr.17 bnr.77 og gnr.17 bnr79. Arbeidet skal utførast i 2008.

DOKUMENT:

- Søknad av 28.03.08 m/kartvedlegg.

SAKSUTGREIING:

Per Henjum har søkt om SMIL – midlar til og slå og skjømte areal på teigen over husa på garden. Arealet er om lag 16da som vert nytta til sauebeite vår og hasut. Han ynskjer å slå langs veg og kantar og rundt urane. Tiltaket er i samsvar med forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket og Leikanger kommune sin strategiplan for bruk av tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket. Området ligg midt i bygda og er godt synleg frå fleire vegar og vil vera viktig for ålmenta i Leikanger.

Administrasjonen tilrår om lag 70% tilskot tilsvarande kr. 9.000,-. Tiltaket skal utførast i 2008

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket Torolv og Anna Husum

Sakshandsamar: Eva Nilsen Huke
Arkivsak nr.: 08/206

Arkiv: MTR 22/2

Sak nr.: Utval
44/08 Formannskapet

Møtedato
20.05.2008

TILRÅDING:

Anna og Torolv Husum får med heimel i forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket og Leikanger kommune sin strategiplan for bruk av tilskot til spesielle tiltak i jordbruket kr. 14.000,- til skjøtsel av kulturlandskap på både sider av Njøsaelvi og i Riverdalen.

DOKUMENT:

- Søknad av 28.03.08 m/ kostnadsoverslag og kart

SAKSUTGREIING:

Leikanger kommune har motteke søknad frå Anna og Torolv Husum om SMIL – midlar til skjøtsel av kulturlandskap på både sider av Njøsaelvi og i Riverdalen. Området ligg sentralt i bygdi og er lett synleg for ålmenta. Viktig skjøtsel av kulturlandskap. Kostnadsoverslaget er sett til kr.20.700,-. Tiltrådd om lag 70% tilskot tilsvarande kr. 14.000,-.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket Systrond Sogelag

Sakshandsamar: Eva Nilsen Huke
Arkivsak nr.: 08/192

Arkiv: 243

Sak nr.: Utval
45/08 Formannskapet

Møtedato
20.05.2008

TILRÅDING:

Systrond Sogelag får i medhald av forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket og i samsvar med Leikanger kommune sin strategiplan for bruk av tilskot til spesielle tiltak i jordbruket, tilskot kr. 10.000,- til oppsetjing av skilt og rydding av stiar i Njøsadalen i området Kvålen – Fadnastølen-Tuftahaug-Hottadalen- Kvålen.

DOKUMENT:

- Søknad av 19.03. 08 frå Systrond Sogelag (kart vedlagt)

SAKSUTGREIING:

Leikanger kommune har motteke søknad frå Systrond Sogelag om midlar til oppsetjing av 25 skilt og rydding av 3 km stiar i Njøsadalen i samarbeid med Leikanger Jakt – og Fiskelag. Tiltaket gjeld området Kvålen – Fadnastølen- Tuftahaug- Hottadalen – Kvålen med kostnadsoverslag kr. 22.000.

Njøsadalen er eit mykje nytta turområde og tiltaket kjem ålmenta til gode. Administrasjonen tilrår at det vert gjeve eit tilskot på kr. 10.000.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket Olav H Hellen

Sakshandsamar: Eva Nilsen Huke
Arkivsak nr.: 08/234

Arkiv: MTR 78/1

Sak nr.: Utval
46/08 Formannskapet

Møtedato
20.05.2008

TILRÅDING:

Olav Hellen får med heimel i forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket og Leikanger kommune sin strategiplan for bruk av tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket kr. 17.000,- til oppsetjing av fiskebu knytt til lakseverpet.

DOKUMENT:

- Søknad av 31.03.08 m/orientering om prosjektet (vedlagt) og kostnadsoverslag

SAKSUTGREIING:

Olav Hellen har restaurert lakseverp og ynskjer å byggje oppatt fiskebu og få på plass utstyr slik at dette vert eit heilskapleg tiltak. Han ynskjer å nytte dette i turistsamanheng på garden. Fiskebua skal byggast oppatt frå grunnen, men er eit godt tiltak for å ta vare på gamle teknikkar og gamal kultur i kommunen og er såleis i tråd med målsetjinga med SMIL – midlane. Administrasjonen tilrår tilskot tilsvarende kr. 17.000,- , dvs. om lag 20% tilskot.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket Per Harald Høgheim

Sakshandsamar: Eva Nilsen Huke
Arkivsak nr.: 08/146

Arkiv: MTR 2/8

Sak nr.: Utval
47/08 Formannskapet

Møtedato
20.05.2008

TILRÅDING:

Per Høgheim får med heimel i forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket og i samsvar med Leikanger kommune sin strategiplan for bruk av SMIL – midlar, kr. 4.000,- til opning av sti og kr. 12.000,- til rehabilitering av driftsbygningen.

DOKUMENT:

- Søknad av 27.02.08 (kart vedlagt) og rehabilitering av driftsbygning med bilete.

SAKSUTGREIING:

Per Høgheim har søkt om SMIL – midlar til opning av sti frå tunet på garden og opp til nedste skogsvegen i Grindsmarka, tilsvarande 600m i høgdeskildnad, frå 25 m.o.h. til 275 m.o.h. Stien vert mykje nytta av ålmenta. Kostnadsoverslaget er nøktern og sett til kr. 4.800. Det vert tilrådd at det vert gjeve 70% tilskot, tilsvarande kr. 4.000.

Han har òg søkt om SMIL– midlar til rehabilitering av driftsbygningen. Han har skifta ut teglsteinstak med svart platetak. Bygningen er ein del av eit flott gammalt kulturlandskap i Verken og det er verdifullt at dette vert teke vare på. Kostnadsoverslaget er nøkternt. Det vert tilrådd at det vert gjeve om lag 20% tilskot, tilsvarande kr. 12.000.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket Fadnastølvegen

Sakshandsamar: Eva Nilsen Huke
Arkivsak nr.: 08/225

Arkiv: 243

Sak nr.: Utval
48/08 Formannskapet

Møtedato
20.05.2008

TILRÅDING:

Fadnastølsvegen v/ Erling Gjerde får i medhald av forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket og Leikanger kommune sin strategiplan for bruk av SMIL– midlar kr. 15.000,- til grusing av veg, hogst av skog i vegkanten og utbetring av stikkrenner. Tilskotet gjeld tiltak på veglengda frå Njøsadalsvegen og til Fadnastølen .

DOKUMENT:

- Søknad av 30.03.08 m/kart over omsøkt veg/sti – strekning

SAKSUTGREIING:

Fadnastølsvegen v/ Erling Gjerde har søkt om midlar til grusing av veg , hogst av skog langs veg og stikkrenner. Arbeidet skal utførast på dugnad. Tiltaket er eit fellestiltak. Kostnadsoverslaget er sett til kr. 75.000,- derav kr. 50.000,- til grus. Fadnastølsvegen søker om kr. 35.000,- i tilskot.

Vegen er nytta i jord/skogbruksdrift og ved hjortejakt. Den er og i vesentleg grad nytta til tursti for ålmenta. Tiltaket vil kome mange til gode og er eit fellestiltak som bør prioriterast. Administrasjonen tilrår at det vert gjeve tilskot tilsvarende kr. 15.000,-.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket Skagasetvegen

Sakshandsamar: Eva Nilsen Huke
Arkivsak nr.: 08/281

Arkiv: MTR

Sak nr.: Utval
49/08 Formannskapet

Møtedato
20.05.2008

TILRÅDING:

Skagasetvegen v/Per Steinar Melås får med heimel i forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket og i samsvar med Leikanger kommune sin strategiplan for bruk av smil – midlar kr. 7.000,- til Skagasetvegen. Tilskotet gjeld vegstrekkja frå Njøsadalsvegen til Skagasete.

DOKUMENT:

- Søknad av 31.03.08 m/kart med innteikna vegline

SAKSUTGREIING:

Skagasetvegen v/ Per Steinar Melås har søkt om midlar til grusing av veg, kjøp av masse og reinsking av grøfter /stikkrenner frå Njøsadalsvegen til Skagasete. Vegen vart ferdigstilt i 2007 og har ikkje får midlar som skogsveg. Vegen er nyttig for ålmenta som turveg. Kostnadsoverslaget inkl. moms er på kr. 56.000,-. Godkjent kostnadsoverslag er kr. 44.800,-. Administrasjonen tilrår at det vert gjeve tilskot tilsvarende kr. 7.000,-.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket Anne Kristin Dalheim

Sakshandsamar: Eva Nilsen Huke
Arkivsak nr.: 08/229

Arkiv: MTR 17/1

Sak nr.: Utval
50/08 Formannskapet

Møtedato
20.05.2008

TILRÅDING:

Anne Kristin Dalheim får i medhald av forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket og i samsvar med strategiplan for bruk av tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket kr. 2.000,- i tilskot til nye støtter under stabburet på gnr.17 bnr.1 på Henjum.

DOKUMENT:

- Søknad av 31.03.08 m/bilete og kostnadsoverslag

SAKSUTGREIING:

Anne Kristin Dalheim har søkt om SMIL – midlar til å skifte ut støttar på stabburet på gnr.17 bnr.1. Det ligg ved kostnadsoverslag på kr 8.500,-.Tiltaket er i samsvar med forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket og Leikanger kommune sin strategiplan for bruk av tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket. Garden ligg midt i bygda og stabburet er godt synleg.Administrasjonen tilrår om lag 20% tilskot tilsvarande kr. 2.000,-.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket Eirik H Hamre

Sakshandsamar: Eva Nilsen Huke
Arkivsak nr.: 08/185

Arkiv: MTR 10/1

Sak nr.: Utval
51/08 Formannskapet

Møtedato
20.05.2008

TILRÅDING:

Eirik H. Hamre får med heimel i Leikanger kommune sin strategiplan for bruk av tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket kr. 7.000,- i tilskot til restaurering av utløe i Verken.

DOKUMENT:

- Søknad av 16.03.2008 frå Eirik H Hamre (bilete vedlagt)

SAKSUTGREIING:

Leikanger kommune har motteke søknad om SMIL- midlar frå Eirik H. Hamre. Søknaden gjeld utløe innafor området med reguleringsplan etter plan – og bygningslova. Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er heimla i jordlova.

Administrasjonen tilrår å nytte kr 7.000 til tiltaket grunngjeve i Leikanger kommune sin strategiplan for bruk av SMIL – midlar og vi har lagt vekt på at området er mykje nytta av ålmenta og lett synleg frå riksvegen. Tiltaket kjem difor mange til gode.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket Ivar Husum

Sakshandsamar: Eva Nilsen Huke
Arkivsak nr.: 08/227

Arkiv: MTR 22/22

Sak nr.: Utval
52/08 Formannskapet

Møtedato
20.05.2008

TILRÅDING:

Ivar Husum får avslag på søknaden om tilskot til restaurering av bustadhus i Riverdalen.

Avslaget vert grunngive med at prosjektet tidlegare har fått kr. 40.000,- i tilskot og fordi tilskot til resturering av bustadhus er lågt prioritert i Leikanger kommune sin strategiplan for bruk av tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket.

DOKUMENT:

- Søknad av 30.03.08 m/utgreiing og kostnadsoverslag (vedlagt)

SAKSUTGREIING:

Ivar Husum har søkt om tilskot til restaurering av bustadhus i Riverdalen, andre utbyggingssteg.

Det vart søkt i 2007 om tilskot til restaurering av same bustadhus, fyrste byggjesteg. Det vart innvilga kr. 40.000,-. Dette er fullført og godkjent.

I Leikanger kommune sin strategiplan for spesielle miljøtiltak i jordbruket er tilskot til bustadhus lågt prioritert.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket Svein Inge Henjum

Sakshandsamar: Eva Nilsen Huke
Arkivsak nr.: 08/214

Arkiv: MTR 17/125

Sak nr.: Utval
53/08 Formannskapet

Møtedato
20.05.2008

TILRÅDING:

Svein Inge Henjum får med heimel i forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket og Leikanger kommune sin strategiplan for bruk av tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket kr.15.000,- i tilskot til rehabilitering av sel på Stokksete.

DOKUMENT:

- Søknad av 30.03.2008 m/kostnadsoverslag (vedlagt), teikning og bilete

SAKSUTGREIING:

Leikanger kommune har motteke søknad frå Svein Inge Henjum om SMIL – midlar til restaurering/sikring av sel på Stokksete. Arbeidet ber preg av rehabilitering , mellom anna er takvinkel og takutstikk endra. Kostnadsoverslag er sett til kr 214.800,- inkl. moms. Justert kostnadsoverslag er sett til kr.162.480,-. Administrasjonen tilrår at det vert gjeve eit tilskot på om lag 10% av godkjent kostnadsoverslag tilsvarande kr. 15.000,-.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket Torfinn Svedal

Sakshandsamar: Eva Nilsen Huke
Arkivsak nr.: 08/213

Arkiv: MTR 12/42

Sak nr.: Utval
54/08 Formannskapet

Møtedato
20.05.2008

TILRÅDING:

Torfinn Svedal får med heimel i forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket og Leikanger kommune sin strategiplan for bruk av tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket kr. 25.000,- i tilskot til rehabilitering av bustadhus og kr. 12.000,- til rehabilitering av naust på gnr.12 bnr. 42. Det vert sett som vilkår for utbetaling av tilskota at det vert rydda kring bustadhuset og naustet.

DOKUMENT:

- Søknad av 27.03.08 m/ kostnadsoverslag (vedlagt) og bilete

SAKSUTGREIING:

Leikanger kommune har motteke søknad frå Torfinn Svedal om SMIL – midlar til restaurering av bustadhus og naust i Husabø. Arbeidet er av mindre omfang og gjeld restaurering av begge bygga. Kostnadsoverslaget er sett til kr. 47.300,- eksl. moms for bustadhus og kr. 24.600,- for naust eksl. moms. Bustadhus er lågt proritert i strategiplanen for bruk av tilskot til spesielle miljøtiltak, men begge bygga ligg i eit svært viktig område for ålmenta i kommunen og kommunen ynskjer at desse bygga skal vere positive element i kulturlandskapet i eit område kring den nye kyrkjegarden. Det vert difor tilrådd tilskot med om lag 50% til begge bygga, dvs. kr. 25.000,- til bustadhuset og kr.12.000,- til naustet. Det er eit vilkår for desse tilskota at det vert rydda kring bustadhus og naust. Kommunen vil hjelpe til med å finna gode løysingar på dette.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket Laila Njøs Eikeland

Sakshandsamar: Eva Nilsen Huke
Arkivsak nr.: 08/197

Arkiv: 243

Sak nr.: Utval
55/08 Formannskapet

Møtedato
20.05.2008

TILRÅDING:

Rettskavarane på Fjærlandssete v/Laila Njøs Eikeland får med heimel i forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket og i samsvar med Leikanger kommune sin strategiplan for bruk av tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket, tilskot kr. 15.000,- til oppsetjing av to felles naust ved Fjærlandssetvatnet.

DOKUMENT:

- Søknad av 25.03.2008 m/utgreiing om prosjektet og kart (vedlagt)

SAKSUTGREIING:

Leikanger kommune har motteke søknad frå rettskavarane på Fjærlandssete om tilskot til oppsetjing av to felles naust ved Fjærlandssetvatnet. Desse skal byggast som vist på bilete og rett vest for stølshusa. Prosjektet har eit kostnadsoverslag på 143.500 kr.

Fjærlandssete er eit flott naturområde med Fjærlandssetvatnet og ein intakt støl med alle sela i bruk. Området er omtala i arealdelen av kommuneplanen som viktige område/objekt med verneinteresse. Området er eit mykje nytta turområde både sommar og vinter, mykje nytta av skulane til turar og til fiskekonkurranser m.m. Laila Njøs Eikeland opplyset at det er gamle tufter etter naust på Fjærlandssete. Søknaden gjeld oppsetjing av nye naust og det er eit fellestiltak for alle rettighetshavarane på Fjærlandssete. Tiltaket skal rydde opp i eit svært interessant kulturlandskap ved at båtane kjem i hus og har stor verdi for ålmenta. Administrasjonen tilrår at det vert gjeve tilskot på kr. 15.000 til tiltaket.

LEIKANGER KOMMUNE

MØTEBOK

Kjeringi Open - tilskot frå næringsfondet

Sakshandsamar: Per Holen
Arkivsak nr.: 08/45

Arkiv: 223

Sak nr.: Utval
56/08 Formannskapet

Møtedato
20.05.2008

TILRÅDING:

Leikanger kommune gir tilsagn om kr.30.000 i tilskot frå næringsfondet til arrangementet Kjeringi Open.

DOKUMENT:

- Søknad av 17.01.08 (vedlagt)

SAKSUTGREIING:

Kjeringi Open har søkt om tilskot på 30.000 til gjennomføring av det 16. arrangementet. Det vert i år peika på at det er ein ukjend kostnad med innføring av delvis nytt dataprogram i lag med innleige av folk til tidtakinga.

Rådmannen si vurdering:

Arrangementet er vel innarbeidd og er eit av dei viktigaste fellestiltaka i kommunen. Kommunen bør støtta opp om tiltaket frå næringsfondet.